



Geir Rusten er svært nøgd med satsinga si i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalen Brygge har so langt seld seg sjølv utan nokon heseblesande marknadsinnsats . Og slik skal det vera også framover.

– Dette er eit populært og spanande prosjekt som går seg til. Folk kjem sigande etterkvart. Her er det ikkje nokon panikk, seier mannen bak det, Geir Rusten. Han forsikrar at det er god økonomi i prosjektet og at det ikkje har dukka opp nokon uventa overraskingar.

Den fargerike byggaren , som er frå Sandvoll men bur på Valen, har hus- og hytteprosjekt på gong også på Valen, Sandvoll og Utsira og avslutta nyleg eitt i Haugesund. Men han forsikrar at Uskedalen har ein spesiell plass i hjarta hans.

Kjøper både bustad og fritidshusvære

- Dei som kjøper bustad i Uskedalen kjøper ikkje berre ein stad å bu, dei kjøper seg på samme tid eit fritidshusvære. For dei treng då ikkje hytte når dei bur her. Uskedalen har alt ein kan ynskje seg, seier Rusten og slår ut med armen mot panoramaet frå Skorpo til Nåso.

Rusten har vore det meste, frå fallskjermhoppar til fotballspelar, men presiserar at han eigentleg er byggmeister. Basisen hans er Trelasten på Sandvoll, der han er styreleiar. Bedrifta, som har ein arbeidsstokk på 50 når innleigde folk er med i reknestykkjet, står for leveransane til dei ulike byggeplassane.

- Bedrifta byggemelder og køyrer prosjekta, også det her i Uskedalen, opplyser Rusten.

Til no har han seld åtte av dei 20 husværa i den tidlegare telegrafbygget.

- Eg kunne køyrd hardare, til dømes mot Bergen. Men sjølv om eg selde 10 til no, kunne eg ikke gjera dei ferdig straks, presiserar han.

Så langt har han brukt svært lite på marknadsføring, det begrenser seg til nettplassering av salsprospektet gjennom advokatane hans og ei BT-innrykking, Men det står 50 namn på ei liste med interesserte. Atskillige av dei er folk som vil flytta heim att til Uskedalen og dei fleste som allereie er på plass på Uskedalen Brygge er uskedelingar. Og Rusten har inntrykk av at dei har det triveleg og at det er eit godt miljø der sjølv om dette framleis er ein byggeplass.

- Burde ikkje heite Naustet

Rusten er tydeleg stolt over at han har klart å sikra seg ei strandline på 120 meter sentralt i Uskedalen og at heile strekninga er klarert for boligbyggjing.

- Maken finst ikkje i Kvinnherad, seier utbyggaren, som er viss på at det er ein stor og god marknad for prosjektet.

Den nyleg utarbeidde reguleringsplanen har ikkje møtt innvendingar og Rusten reknar med å halde fram med byggjing av 20 nye husvære når dei 20 første er unnagjort. Han har kjøpt to nabolomter av familieane Utne og Fotland med sikte på det neste byggjesteget.

I hovudhuset er det 11 husvære og dei tre siste skal fullførast no. Her er det ein aktuell kjøpar så langt.

I det høge og slanke huset som skal byggjast vendt mot Beinavikjo blir det fem husvære og her er det allereie fire interessentar. Dette huset er så langt kalla Naustet, men Rusten er ikkje nøgd med namnet . Det er ikkje historisk korrekt, for her var det postkontor og det var her båtane la til.

På parkeringshuset kjem eit spesielt husvære på 40 kvadratmeter, som sameiget skal nytte til folk som kjem på vitjing. Det blir elles tre husvære på det bakerste parkeringshuset og to på det i midten.

Det som ikkje minst gjer inntrykk på dei som kjem på vitjing til Uskedalen Brygge er den høge standarden utomhus – med steinlegging overalt.

- Eg er godt motteke i Uskedalen og likar meg godt her, seier Rusten og kallar Uskedalen Brygge 'ein framtidsmåte å bo på'.

Av Ola Matti Mathisen